

Alver kommune

Landbruk/miljø

På vegne av innbyggjarane med drikkevatt frå nordre del av Hjelmåsvatnet

12 jan 2023

- Svein Åge Fyllingen
- Per Ole Ekker
- Sindre Fyllingen
- Åge Veland

samt 3 hytter – utan at eigarane av desse er kontakta direkte

Bekymring kring lagring av ny hestemøkk og avrenning direkte til drikkevatt

Med referanse i sak 22/4637 på GBNR 203/6 Fyllingen

Vi registrerer at det er gjeven påbud om utbetring av lagring av hestemøkk på ein gard i Fyllingen på Hjelmås. Vi registrerer at det er anvist ein ny stad for lagring av hestemøkk utan at det kjem fram i tilgjengelege dokument. Vi skriv dette brevet avdi nemte personar og husstandar har drikkevatt frå Hjelmåsvatnet på den sida kor avrenning frå Fyllingen er.

Utan å kjenne alle detaljane i saka så vil me kome med ei bekymring for

- påfylling av ny hestemøkk på raudmerka stad nr 2 påpekt under synfaring
- nyetablert utildekkta lagringsplass av fersk hestemøkk med fall direkte til område med stor avrenning rett i Hjelmåsvatnet. Sjå vedlagt kartskisse.

Denne bekymringa er særleg stor no når vi er i ei tid med tele i jorda, ekstremt mykje nedbør og mengder med overflatevatt.

Vi legg ved nokre bilete som syner

- Bilete nr 1 og 2 - den nye lagringsplassen
- Bilete nr 3 - jordbruksletta med mykje overflatevatt nedanfor den nye lagringsplassen
- Bilete nr 4 - næringsrikt vatt frå bekk ved skogsveg nedanfor sletta på bilete nr 3

Vi oppmoder kommunen til å ta ei ny synfaring på nemte forhold og vi vil sjølvstilt stille opp og vere med om Dykk ønskjer det.

Mvh på vegne av naboskapet



Per Ole Ekker

Sandvikavegen 111 – 5915 Hjelmås

Epost perekker@outlook.com

Mobil 995 54 540